



Valle kommune

Næringsplan for Valle kommune 2017-2020



Setesdal - Noreg tett på foto: Anders Martinsen Fotografen

Frå kommuneplanen - arealdelen

1.3 Næringsliv

Målsetting

Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handverk og naturbaserte verksemder står sterkt.

Valle kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sør-Vestlandet.

Arealstrategi næringsliv

- Eksisterande næringsliv skal støttast og vidareutviklast på ein berekraftig måte.
- Vi skal vere opne for nye idear og nyskapning, men det skal vere berekraftig utvikling. Dette gjeld både innaføre arealbruk, økonomi og samfunnsutvikling.
- Det er viktig å legge til rette for, og ta vare på arbeidsplassar innan kompetanse-krevjande verksemder og teknologi. Kraftproduksjon er eit døme på dette.
- Landbruksnæringa er viktig for Valle, og må støttast og vidareutviklast. Vi skal støtte vidareforedling av råvarer og stø opp om satsinga på «kortreist og lokal mat». Kulturlandskap er ein viktig ressurs for Valle kommune.
- Massedeponi etter kraftutbygging er avsett til område for råstoffutvinning. Dersom det blir opna nye massetak eller eksisterande massedeponi vert opna på nytt, skal det lagast reguleringsplan med føresegner som gjev føringer for bruk i anleggsperioden og etterbruk av areala, jamfør PBL § 11-9,1.
- Vi må utvikle nye område for fritidsbustader og vidareutvikle noverande hytteområde.
- Brokke-området, dvs. Furestøyl og Kvisle, er

hovudsatsingsområde for høgstandard hytteutbygging. Høgstandard er full utbygging med veg fram til hytta, straum- og kommunikasjonslinjer, vatn og avlaups-løysingar.

- Det er naudsynt å arbeide med ei standardheving av hytteområda omkring Bjørnevatn. Det er viktig å få straumforsyning og mobil-dekking til området.
- Vi ønskjer å tilby fritidsbustader med ulike nivå på standarden. Det vil seie område som ikkje har overordna/felles straumforsyning eller vatn- og avlaupshandtering. Dei mest aktuelle områda er i dag omkring Myklevatn og Evardalen, men òg mindre område på Austheia.
- Vi vil legge til rette for attraktive aktivitetar for tilreisande og fastbuande heile året.
- Fjellklatring er ein viktig aktivitet i Valle. Det er ein naturbasert aktivitet som ikkje treng stor grad av tilrettelegging.
- Legge til rette for ulike aktivitetstidbod langs Otra.



Samfunnsdelen

10.1 Mål

Valle kommune skal ha eit breitt og inkluderande næringsliv, der verksemder innan kultur og handverk og naturbaserte verksemder står sterkt.

Valle kommune skal vere ein attraktiv «fritidskommune» for Sørvestlandet (Agder og Sør-Rogaland).

I dette ligg det at vi er ein attraktiv stad å nytte fritida for dei som bur i byane. Det gjeld hyttefolk og «vanlege» turistar. Vi meiner det er stort samsvar mellom god plass å bu og god plass å besøke.

10.2 Strategiar

Kommunen skal trygge eksisterande arbeidsplassar og leggje til rette for nye arbeidsplassar ved å

1. stimulere og vidareutvikle arbeidsplassar innan

- kultur og handverk
- kraftsektoren
- naturbasert næringsliv, til dømes innan bratt friluftsliv
- landbruket ved å auke lokal verdiskapning gjennom å vidareutvikle mat- og landbruksprodukt

2. stimulere til nyskaping ved å

- stimulere til entreprenørskap blant barn og unge
- etablere ein utviklingskultur der det er lov å feile

3. utvikle eksisterande og nye område for fritidsbustader gjennom strategisk areal-politikk ved å

- Brokkeområdet er Valle sitt hovudsatsingsområde for fritidsbuseetting og vintertilbod
- utvikle Bjørnevatonområdet i samsvar med kommunedelplanen frå 2008
- vere open for å bygge fritidsbustader i andre område der

tilhøva ligg til rette

- leggje til rette for fritidsbustader som «second homes». Dette for å ha størst mogleg bruk av fritidsbustaden.
- prioritere fritidsbustader som ligg slik at ein kan nå andre tilbod/service/aktivitetar – auka marknad for næringslivet og større sosiale nettverk

4. leggje til rette for eit aktivitetstilbod som er attraktivt heile året ved å

- konsentrere seg om nokre viktige aktivitetstilbod (dei med best effekt/marknadsverdi etter sesong). Viktig for både reiselivsnæring og bruk av private hytter
 - leggje til rette for ulike aktivitetstilbod, td. «bratte» aktivitetar, terrengsykling mm
 - utnytte eksisterande aktivitetstilbod betre
 - Vurdere om kommunale anlegg kan vere opne for publikum i helgene og feriar (idrettshall, symjehall)
- Dette vil gje Valle kommune auka konkurransekraft og bidra til ein positiv utvikling.

5. arbeide aktivt for heilårsveg Brokke – Suleskard,

- noko som vil gje tilgjenge til ein stor marknad der vi vil vere konkurranse-dyktige

6. styrke og utvikle eksisterande sentrum ved å

- vidareutvikle stadtvalitetane i sentrumsområda for å styrke trivsel og handel



Prosess

I arbeidet med kommuneplanen har det vore kontakt mot Valle næringslag. Det har vidare vore eige temamøte om næring der ein hadde ekstern innleiar/prosessleiar på Soknehuset. Omlag 30 personar var til stades og bidro aktivt gjennom gruppearbeid.

Hovudmålsettinga i kommuneplanen om å bli ein attraktiv fritidskommune for sørvestlandet er såleis godt forankra i næringslivet.

I etterkant av prioriteringa i kommuneplanen har kommunen motteke eit skriv frå Valle næringslag der dei kjem med merknader til kommuneplanen.

Valle Næringslag etterlyser eit tettare samarbeid mellom kommunen og næringslivet.

Ved å etablere eit forum for dette meiner vi ein kan rydde opp mistydingar og saman kunne skape nye tiltak og vere med å prioritere viktige saker.

For å nå dei måla som er sett i kommuneplanen, meiner Valle Næringslag at det hadde vore nødvenig å utarbeide ein næringsplan som er meir konkret og handlingsorientert. Brokke-Suleskarvegen som heilårsveg, Rysstadmo industriområde, Brokke-området, kraftarbeidsplassane knytt til Brokke kraftstasjon og Valle sentrum peikar seg ut som områda ein bør prioritere i næringsarbeidet.

Det har i tillegg vore møte med eigar av Sølvgarden hotell om kva for aktivitetstilbod han meiner bør prioriterast.

Tilråinga her var klar.

Ei satsing på løyper sommar som vinter er etterspurt i marknaden og vil vere viktig for alle overnattingsverksemder.

Denne planen tek utgangspunkt i mål og strategiar i kommuneplan for Valle kommune 2017 - 2028. Jordbruk vert omhandla i eigen plan og har eigne virkemidlar.



Setesdal - Noreg tett på! foto: Anders Martinsen Fotografen

Organisering

Næringslivet i Valle kommune er ikkje koordinert. Det er mange organisasjonar og lag og i sum gjer dette næringslivet svakt organisert.

Det har vore initiativ frå Valle næringslag for å sjå på organiseringa.

Valle Næringslag, Valle/Rysstad reiselivslag, Valle sentrumsforeining, Valle bondelag, Rysstad i vekst, og Brokke as er døme på næringsorganisasjonar.

Samstundes vert eit felles næringsforum mellom næringslivet og kommunen etterspurt frå næringslaget.

I dette ligg det ein moglegheit til å få eit betre samarbeid mellom offentleg og privat sektor.

Dersom kommunen inviterer Valle næringslag til eit slikt forum vil det kunne inspirere næringslivet om ein hovudorganisasjon som vert teken med på råd.

**Det er i privat sektor vekst i arbeidsplassar må kome.
Kommunen si rolle er som støttespelar.**

Eit godt samarbeid mellom offentleg og privat sektor vert såleis eit viktig grep. Det er naturleg at det er representantar frå formannskapet og administrasjon som deltek frå kommunen.



Setesdal - Noreg tett på foto: Anders Martinsen Fotografer

Kommunal virkemiddelbruk

Valle kommune har eige tiltaks- og næringsfond. Løyvinga til dette er for 2016 i alt 1.250.000 inkludert ekstraløyving i juni.

Skal ein kunne nå målet om å utvikle eit attraktivt aktivitetstilbod bør ein øyremerke midlar til slikt arbeid.

Ved å setje av halve næringsfondramma til infrastrukturtiltak kan ein ha forutsigbarheit på finansiering av t.d. løypetilbod.

Slik infrastruktur vil kome alle reiselivsverkesmder til gode og gjere kommunen meir attraktiv å bu i og besøke.

Det vil framleis vere att midlar til bedriftsretta tiltak.

Det har kome private aktørar på banen innan naturaktivitetar, noko som er svært gledeleg. Kommunen lyt vere ein støttespelar for aktørane. Næringsfondet kan nyttas til felles tiltak som t.d. felles marknadsføring. Eit robust aktivitetstilbod kan gje viktige bidrag til belegg på overnatningsverksemder og handelsnæring.

Aktivitetar knyt folk til området.

Attraksjonar er ofte eit eingangsbesøk.

Tilskott til lærlingar.

Det vert vurdert som viktig å stimulere til at lokale verksemder tek inn lærlingar.

For å stimulere til auka satsing på lærlingar gjev Valle kommune eit tilskott til private bedrifter med kr 500 pr. mnd. for kvar lærling.

I tillegg kjem kr 3000 for bestått fagprøve.

Dette er i tråd med eit politisk vedtak frå 90-talet som har vore lite kjent og nyttat.



Framlegg til tiltak for 2017

*Beløp i denne plan er avhengig av vedtak i
årsbudsjett for Valle kommune i
kommunestyret, desember 2016.*

Aktivitetstilbod vinter

Årskort Brokke alpinsenter

Vidareføre tilskott til barn og unge frå 2016, men innføre ei eigendel på kr 500,- pr. årskort. Dette vil sikre at skikorta vert nytta. Rekneskapen for 2016 syner ein kostnad på kr 350.000,-. Eigendelen vil kunne redusere kostnaden til **250.000 inkl. eigendel.** Innsparing på kr 100.000 som kan nyttast til andre tiltak.

Turskiløyper

Vinterløypene har gode løysingar for oppkøyring, men økonomiske rammer set grenser for omfang.

Auke kommunale tilskott til løypekøyring med kr 200.000,- fordelt med kr. 50.000 til Bjørnevatn løypelag og kr 150.000 til Brokke.

Løypekøyring er ressurskrevjande, men viktig for sal- og bruk av fritidsbustader. Ei auke av ressursane vil vere positivt for innbyggjarar og «hyttevalldølar». I konkurrerande område er det offentlege sterkare inne med driftsmidler. **Likevel avgjerande at det er eit samarbeid med grunneigarar/hyttevel.** Vert innarbeida i økonomiplan som nytt tiltak

Ta opp arbeid om ei snøskuterløype der ein kan kjøre snøskuter lovleg etter modell frå prøvekommunane som t.d. Vinje. Kostnad i planleggingsfasa - ingen.

Open hall og symjehall i skuleferiar.

Krev auka lønsmidler til badevakt og tilsyn. Mogleg med samarbeid med Valle IL for tilsyn idrettshall.

Budsjett kr 50.000,- Vert innarbeida i økonomiplanen som nytt tiltak.

Aktivitetstilbod sommar

Nye bruer Gloppefoss turløype.

Det lyst på plass ein ny bru over Veiåne omlag midtvegs. I tillegg må der to enklare bruer lengst inne.

Kostnad **110.000,**

Grunneigar har gjeve løyve.

Etablere ny turveg til Rysstadåsen.

Gjev moglegheit for å knyte saman løypenett i Brokke og på Rysstad. Samstundes gjev det tilgang til betre turløypenett frå Rysstad sentrum med Sølvgarden hotell & feriecenter. Krev avtale med grunneigar.

Planlegging, rydding og skilting i 2017 kr 100.000.

Skilte turløyper frå Valle sentrum

Valle sentrum er tyngdepunktet for handelsverksemd i kommunen og sentrumsutvikling av kommunenesenteret lyst ha høg prioritet. For å auke innteninga av gjennomreisande lyst vi nyte dei stoppeplassane som finnast. Har gjesten parkert i sentrumsområda lyst vi leggje til rette for at dei nyttar lengst mogleg tid her. Attraktive sentrumsområde har vorte opparbeid i fleire år, m.a. med gode leikeplassar, men vi kan leggje til rette med å skilte betre til det dei kan oppleve til fots frå sentrum. Her kan ein og søkje andre aktørar om tilskott. Kjem i tillegg til nye turløyper på vestsida som er finansiert gjennom eige prosjekt. **Kostnad 50.000.**

Vitalisere ordning med lærlingetilskot til private bedrifter som tek inn lærlingar.

Læringeordning støtte til private bedrifter 80000

Sum tiltak næringsramma kr 590.000,-

Auke i tilskott til løyperkøyring og open hall/basseng kjem i tillegg med kr 250.000.

